

ÅRSMELDING

FOR

MORGEDAL IDROTTSLAG 2016





SPAREBANKEN SØR

STYRET SI SAMANSETTING 2016

Leiar	Terje Nilsen Haugen
Nestleiar	Helge Inge Bruhaug
Kasserer	Eivind Berge
Skriver	Guro Høydal
Vara	Hege Ravidal

Vintergruppe

Leiar	Morten Kvålsseth
Medlem	Knut Grestad
Medlem	Ingar Tveiten
Medlem	Randi Elisabeth
Medlem	Andersen

Sommergruppe

Leiar	Gunvor Høydal
Medlem	Gunlaug Gjelstad
Medlem	Ingvild Råmunddal

Revisor

Olav Solli
Gudrun Skogheim

Valnemd

Leiar	Olav Lundeberg
Medlem	Asle Opsund
Medlem	Magnhild Haugen
Varamedlem	Heidi Åmot

MIL sin representant i Idrettsrådet var Hege Ravidal. Karin Kvålsseth var vara.

STYRET SITT ARBEID

Styremøte

Det har vore 5 styremøte i 2016

AKTIVITET

Medlemmer

Morgedal Idrettslag hadde i 2016 172 medlemmer, en økning på 17

Telenorkarusell/skikarusell 2016/2017

Det tok lang tid før vi kom i gang med skikarusellen i år. Etterhvert kom snøen og det blei arrangert 6 renn for ungar og vaksene.

Skøytekarusell 2016/2017

I år tok det lang tid før det ble godt skiføre. I stedet ble det laget skøytebane på Morgedaltjønna og invitert til skøytekarusell. God deltaking av unger og voksne. Det ble arrangert 5 skøytekaruseller.

Ordalssåta Opp 2016 vart arrangert 19. juni. Det var mange deltakerar. Informasjon om arrangementet og resultat finns på www.morgedal-il.no

Morgedal Multisport blei arrangert 22. august. Det var mange deltakerar. Informasjon om arrangementet og resultat finns på www.morgedal-il.no

Regionsatsing Telemarkskøyring held fram, som er eit samarbeid med Skarphedin og Norges Skiforbund. Det har vore barmarkstreningar i Bø i oktober og november, samt deltaking på landsamling på Gaustablikk. Utøvarar frå Morgedal har delteke i ulike NC-renn. Kristian Gjelstad har vore uttatt til worldcuprenn for seniorar og VM både for junior og senior. I juniorVM blei det eit gull og ein sylvmedalje.

NM i Bakketelemark6-8. februar blei arrangert av Bekkelaget i Tryvann. Morgedal hadde med 3 utøvarar som presterte bra.

Ribbemarsjen 2. joledag

2.joledag var det Ribbemarsj til Øverbø. Kjersti og Gunvor stod for servering av gløgg og pepperkaker denne dagen. Været var ruskute, men likevel var det mellom 30-40 personar som tok turen opp.

Langrennstrening og Barmarkstrening for barn i skulealder

Ski guppa har hatt fellestreningsarpå tysdagar og torsdagar i sommar/ haust. Aktiviteten har vore rulleski/barmark. Treningane har vore i Brunkeberg og Ordal. Fleire har delteke på rulleskirenn med flotte resultat.

Når snøen kom «flytta» treningane til Høydalsmo, her har det vore supre forhold frå slutten av november. Vintertreningane har også vore på tysdagar og torsdagar.

Skitreninga i vinter har hatt deltkarar frå Vinje il, Byrte il , Seljord il og Morgedal il. Dette har vore positivt for intensitet og miljø på treningane. Det har i snitt vore ca 15 ungar på treningane.

Mange av ungane har vore aktivt med på renn i vinter. Her ser ein at treninga gir resultat, fleire presterar på topp nivå både i kretsen(Telemark/Vestfold) og nasjonalt. Dette er inspirerande.

Ein stor takk til Mikkel Vadde for alle timane han legg ned som» Sjefstrenar» for skigruppa.

Trening på grendehuset: Crossfit/styrketrening

Ingvild Råmundal har vore instruktør på styrketrening/sirkeltrening på grendehuset i løpet av haust og vinter 2015. Det har vore opp til 10 stk. på trening.

Spinning

Kvar torsdag er det spinning i gamle skulen på Dølehalli der Einar Heggtveit er spinninginstruktør. Me er takksame for innsatsen du gjer.

DUGNADAR

Idrettslaget er heilt avhengig av dugnad for å kunne tilby ungane aktivitetar. I 2016 har det vore dugad i følgjande samanhengar

- Skikarusell
- Løypekøring og vedlikehald av tråkkemaskin.
- Rydding løypenett
- Multisporten
- Dyrsku'n
- Ordalssåta opp
- Skøytekarusell

INVESTERINGAR

Det har ikkje vore større invisteringar i 2016. Vi avventar ennå svar på tippemiddelsøknaden til garasjen.

Det har vore ein del vedlikehald og reperasjonar på tråkkemaskina i 2016.

Det blei og gjort dugnadsarbeid på ljosløypa. Vi er eit lite idrettslag med ganske høg dugnadsinsats. MIL er evig takksame for den innsatsen innbyggjarar, foreldre og MIL-medlemmer gjer for aktivitetar i laget.

Idrettslaget fikk inn 5940,- i gåve etter Wily Krogsæter si graverd. Dette skal brukast til nytte for barn og unge.

Vi vil også nytte høvet til å takke alle sponsorane våre. **Vår trufaste hovudsponsor Sparebanken Sør har som alltid vore ein viktig støttespelar.**

Andre viktige sponsorar har i 2016 vore:

Kviteseid Rørhandel
Skorve Entreprenør
Funnemark
Telemark Godslinjer
Sweco
MorgedalRør
Byggmakker Seljord elektriske

Intersport Seljord
VTK
COOP Morgedal
Seljord Regnskapsservice
Telemark Forsikring
Gjensidige

Idrettslaget vil take alle sammen for samarbeidet!

Beste helsing styret i Morgedal Idrettslag. v/ Karin Kvålseth